



# KOMMUNAL PLAN FOR INKLUDERANDE BARNEHAGE- OG SKULEMILJØ 2018 - 2020

*Me skal skape eit godt og inkluderande oppvekstmiljø i Lærdal, med nulltoleranse for mobbing blant barn og vaksne. (Frå Manifest mot mobbing)*

- ☼ *Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing.*
- ☼ *Personalet skal fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik.*
- ☼ *Personalet skal førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspeismønster.*

Rammeplan for barnehagen

*Trygge læringsmiljø vert utvikla og oppretthalde av tydelege og omsorgsfulle vaksne i samarbeid med elevane. Dei tilsette på skulen, foreldre og føresette og elevane har saman ansvar for å fremje helse, trivsel og læring, og for å førebyggje mobbing og krenkingar.*

Overordna del – verdiar og prinsipp for grunnopplæringa

## Føreord

Inkluderande barnehage- og skulemiljø er ei nasjonal satsing som er leia av Udir.

Kommunane i sognregionen deltek saman i pulje 2, og er organisert som to kommunar når det gjeld tilskot, ressurspersonar og overordna planlegging. Delar av denne planen er henta frå felles plan for kommunane i Sogn. Tidlegare har Sogn Regionråd vedteke *Regional plan for arbeidet med god psykisk helse hjå barn og unge*. Desse to planane, saman med føringane i nasjonalt planverk for barnehage og skule, ligg til grunn for Lærdal kommune sin lokale plan.

Læringsmiljøsentret blir fagleg bidragsytar på samlingar, og Høgskulen på Vestlandet deltek på samlingar, med rettleiing og i utviklingsarbeid, retta mot barnehagar og skular i regionen.

Planen legg til grunn at det blir lagt til rette for tidleg innsats. Det betyr for det fyrste at det blir jobba systematisk, og at det blir sett inn tiltak tidleg i utdanningsløpet for å fremje trygge og gode barnehage- og skulemiljø, at det blir arbeidd kontinuerleg med å forebyggje og handtere mobbing. For det andre betyr det at det blir sett i verk tiltak tidleg når barn og unge opplever at dei ikkje har trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Kompetente vaksne, som har blick for det gode sosiale fellesskapet og leiar arbeidet mot det, er ein føresetnad for å lukkast i arbeidet for inkludering og mot mobbing.

## Omgrepet mobbing

Det er ulike faglege syn på mobbing og korleis omgrepet bør definerast. Professor Ingrid Lund ved Universitetet i Agder omtalar mobbing som kjensler på ville vegar; som sosiale prosessar på avvege.

*Mobbing av barn er handlingar frå vaksne og/eller barn som hindrar opplevinga av å høyra til, å vera ein betydningsfull person i fellesskapet og moglegheit til medverknad*

Lund, Kovac & Helgeland, 2017

I opplæringslova kap. 9A er det slått fast at det i skulen skal vera nulltoleranse mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Definisjon på mobbing i skulen - Elevundersøkinga

*Med mobbing meiner vi gjentekne negative handlingar frå ein eller fleire saman, mot ein elev som kan ha vanskeleg for å forsvare seg. Mobbing kan vera å kalla ein annan stygge ting og erta, halde ein annan utanfor, baksnakka eller slå, dytta eller halda fast.*

Utdanningsdirektoratet, 2016

Definisjon på mobbing i skulen - Spekter

*Mobbing er vonde handlingar som utestenging, ryktespreiing, erting eller dytting, slag og spark mot ein som ikkje kan forsvare seg.*

Læringsmiljøsentret

## Lokal forankring og val av innhald i Lærdal

- Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS) har vore tema på planleggingsdagar i skulane og barnehagane. Dei tilsette har fått informasjon og delteke i val av satsingsområde.
- Tema på foreldremøta og i FAU – innspel frå foreldra er teke med
- Leiarane har delteke på samlingar i regi av Udir og regionen. Tema på nettverksmøte i regionen.
- Ei styringsgruppe vart etablert i februar 2018. Ho er sett saman av leiarar i oppvekst, helsestasjon, barnevern, PPT og foreldrerepresentantar.
- Politisk forankring: Satsinga vart presentert for politikarane på temadag for kommunestyret 15.11.2018.
- Elevråda på skulane handsamar satsinga og seier noko om mål og arbeidsmåtar

## Valde satsingsområde:

### Lærdalsøyri skule

1. Systematisk observasjon, samhandling og relasjonsbygging

2. Inkluderande og trygt arbeidsmiljø for vaksne og barn – to sider av same sak

## Borgund skule

- Observasjon, vaksenstyrt leik og sosiale mål
- Samarbeid om oppvekstmiljøet

## Barnehagane - hovudmål

1. Alle barna skal oppleve ei kjensle av å høyre til, oppleve venskap og at dei er viktige for fellesskapen.
2. Alle borna skal oppleve ein trygg og god barnehagekvardag med fråvær av diskriminering, krenkingar og mobbing.
3. Gjennom tverrfagleg og tverretatleg samarbeid og foreldresamarbeid skal me i fellesskap arbeide for at alle borna opplever eit inkluderande, trygt og godt oppvekstmiljø.

### Særskild fokus:

- Førebygge ved å skape gode, inkluderande miljø
- Fange opp/sjå/observere
- Stoppe mobbing og krenking, uheldige samspeilmønster

Barnehagane har ei rekke delmål og konkrete moment for arbeidet under hovudmåla.

## Felles målsettingar i Lærdal:

- Redusere mobbing til mindre enn dei vi samanliknar oss med i Elevundersøkinga
- Lærarar og barn skal kjenne verktøy for å stoppe mobbing (stoppord, fraser). Ungane skal kunne stå opp for seg sjølve og andre.
- Ha etablert faste samarbeidsfora der dette er tema. Tverrfagleg + organisasjonar og foreldre.
- Fange opp korleis barn har det gjennom systematiske undersøkingar – barne/elevsamtalar/foreldresamtalar, elev- og foreldreundersøkingar
- Kompetente vaksne som ser og tar ansvar
- Eit godt vaksenmiljø – måle ved jamnlege medarbeidarkartleggingar

## Organisering og arbeidsmåtar

Som nemnt i føreordet er denne satsinga organisert frå Utdanningsdirektoratet og gjennom ei felles ordning for kommunane i Sogn. Satsinga er tema i dei regionale nettverka for skule- og barnehagefagleg ansvarlege, styrarar og rektorar. Lokalt i Lærdal har vi sett ned ei tverrfagleg styringsgruppe, som også har med representantar frå foreldra og dei tillitsvalde. IBOS blir også styrt og organisert gjennom å vere tema på leiarmøta i oppvekst.

Målet med satsinga er å få innarbeidd betre praksis i arbeidet med barn og unge i skular og barnehagar. For å lukkast med det, må personalgruppa samla få ei betre forståing og ny kunnskap om samspelet mellom barna, mellom dei vaksne og barna og mellom dei vaksne. Så må kunnskapen takast i bruk og bli ein del av den daglege praksisen. For å oppnå dette må ein øve. Leiarane skal derfor legge til rette for læringsøktar, øving og refleksjon. For å endre praksis over tid, trengst det mykje øving, så i denne forma for kollegabasert læring og utvikling, må ein sette av tid til gjentatte øvingsøktar, med påfølgjande refleksjon og kollegarettleiing. Gode planar og avsett tid i barnehagane og skulane er derfor avgjerande for å lukkast. I planen under er opplæringsøktene tidfesta så langt det let seg gjere, men det mellomliggende arbeidet må kvar enkelt skule og barnehage organisere.

Ulike samarbeidspartar har sagt seg villige til å bidra på denne måten:

- Barnevern: Gje opplæring og rettleiing til personalet i observasjonsteknikkar
- PPT: Rettleie i observasjon, bidra i saker som gjeld klasse miljø og mobbing/krenking
- Helsestasjon: Individuelle samtalar med barn og foreldre
- Foreldra ynskjer god informasjon og moglegheit til å bidra. Førebuing og gjennomføring av foreldremøter og sosiale tilstellingar.
- Beredskapsteam mot mobbing, tilgjengeleg når «det brenn»

## Regional og kommunal aktivitetsplan 2018 - 2019

### Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS) – pulje 2

DATO	AKTIVITET	DELTAKARAR
16.-17.01.2018	Første samling nasjonalt – Gardermoen Pulje 2 - IBOS	Kommunal gruppe m/ kommunalsjef, rektor og styrar
03.03.2018	Oppretting av styringsgruppe	Leiarar i oppvekst, PPT, barnevern, helsestasjon. Miljøarbeidar, foreldrerepresentantar, tillitsvalde.
09.03.2018	Første regionale samling – Sogndal Nettverk Psykisk helse Tema: Tilknytning i barnehage og skule Foredrag: Psykolog Tommy Sotkajærvi	Tilsette i barnehage og skule, PPT, helsetasjon, barnevern
<b>Hausten 2018</b>	<b>Fokus på observasjon, med gjennomgang/lesing av fagstoff og utprøving av systematisk observasjon i praksis</b>	
15.08.2018	Fagøkt regional planleggingsdag skule Tema: Mobbing - Observasjon Foredrag: Tove Flack, Læringsmiljøsenderet	Lærarar og skuleleiarar
16.08.2018	Fokus på IBOS i einingane – val av satsingsområde	Alle tilsette
12.-13.09.18	Andre samling nasjonalt – Gardermoen Pulje 2 - IBOS	Leiarane i oppvekst
24.-25.09.18	Regional leiarsamling – Bergen Tema: Endringsleiing Foredrag: Ingrid M. Løkken og Hanne Jahnsen, Læringsmiljøsenderet Tema: Landsbyen mot mobbing. Om prosjektet «Trygg i Fjell» Foredrag: Marianne Gjerstad og Guttorm Helgøy, Fjell kommune	Leiarane i oppvekst
04.10.2018	Styringsgruppemøte. Forankring av satsingsområde.	Leiarar i oppvekst, PPT, barnevern, helsestasjon. Miljøarbeidar, foreldrerepresentantar, tillitsvalde.
31.10–01.11. 2018	Regelverksamling – Fylkesmannen – Skei Tema: «Sjå barnet innanfrå» Foredrag: psykolog Stig Torsteinson Tema: Om prosjekt i Lørenskog - Styrking av lærarens	Leiarane i oppvekst

	relasjonskompetanse Ved: psykolog Inger Marie Andreassen og rektor Marianne E. Kolobekken	
06.11.2018	Styringsgruppemøte. Tverrfagleg samarbeid, informasjon, justering av plan.	Leiarar i oppvekst, PPT, barnevern, helsestasjon. Miljøarbeidar, foreldrerepresentantar, tillitsvalde.
07. 11.2018	Andre regionale samling – Sogndal (Nettverk tilpassa opplæring) Tema: Frå observasjon til tiltak Kurshaldarar: Ingrid M. Løkken og Hanne Jahnsen, Læringsmiljøsentret	Leiarane i oppvekst, miljøarbeidar, helsesystre, PPT
14.-15.11. 2018	Barnehagekonferansen 2018 – Alexandra Tema: Ein rammeplan – heile barnet Fagøktar: - Språk, leik og inkludering v/ Malin Silkstone, Statped Vest - Livsmeistring v/ Line Melvold - Det informerte hjertet v/ M. Raundalen	Oppvekst, barnehageleiarar, tilsette i barnehage
16.11.2018	Foreldremøte oppvekst Borgund: Felles satsing på eit godt oppvekstmiljø	Alle tilsette i skulen, barnehagen og SFO. Alle vaksne i nærmiljøet.
<b>Våren 2019</b>	<b>Satsingsområde i Lærdal: Observasjon – utprøving og implementering. Framhald avdekke og handtere mobbing: Samtaleteknikk og relasjonsbygging vaksen – barn og barn – barn. Tema på foreldremøte.</b>	
02.01.2019	Fagdag med Solrun Samnøy, HVL: Observasjon av samhandling	Alle tilsette i skulane og SFO
15.-16.01. 2019	Tredje samling nasjonalt – Gardermoen Pulje 2 - IBOS	Kommunal gruppe
28.01.2019	Foreldremøte LØB: Samarbeid om eit godt oppvekstmiljø	Alle tilsette, foreldre
11.02.2019	Personalmøte skulane med Solrun Samnøy: Erfaringar med observasjon	Alle tilsette i skulane
18.02.2019	Fagdag barnehagane: Vaksenmiljøet – vaksne som rollemodellar, med Johan Petter Øren	Alle tilsette i barnehagane
07.03.2019	Tredje regionale samling – Sogndal Nettverk for psykisk helse	Kommunalsjefar, rektorar, styrarar, tilsette i skule og bhg, helsesystre, PPT
<b>Hausten 2019</b>	<b>Satsingsområde Lærdal: Vaksne som rollemodellar. Vaksne sitt</b>	

	<b>arbeidsmiljø og barna sitt læringsmiljø i barnehage og skule. Klasse- og gruppeleiing, korleis skape gode og førebyggjande/ inkluderande miljø. Kollegaretteleiing som arbeidsmetode.</b>	
14.08.19	Fagøkt regional planleggingsdag skule Ved Læringsmiljøsentret	Lærarar og skuleleiarar, kommunalsjef
15.08.2019	Kommunal fagdag med fokus på relasjonsleiing og arbeidsmiljø	Alle tilsette i skular og barnehagar
Sept. 2019	Fjerde samling nasjonalt – Gardermoen Pulje 2 - IBOS	Kommunal gruppe
Sept. 2019	Regional leiarsamling barnehage og skule	Pedagogisk rådgjevar, rektorar, styrarar
07.10.2019	Fagøkt regional planleggingsdag barnehage Ved Læringsmiljøsentret	Tilsette i barnehagane
November 2019	Fjerde regionale samling – Sogndal Nettverk tilpassa opplæring	Kommunalsjefar, rektorar, styrarar, tilsette i skule og bhg, helsesystre, PPT
<b>Våren 2020</b>	<b>Framhald etter behov. Meir øving. Etablere tverrfagleg samarbeidsforum.</b>	Heile oppvekst Leiarane

#### Litteratur:

Barns trivsel – voksnes ansvar (Udir)

Pål Roland: Mobbeatferd i barnehagen

Cato Bjørndal: Det vurderende øyet, 2017

Nettressursar:

- Udir
- Trygg i Fjell
- Læringsmiljøsentret